



Bakgrunn for vedtak

Hyen Fisk AS - søknad om konsesjon for uttak av vatn frå Åvatnet og Åtverrelva

Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Hyen Fisk AS
Referanse	
Dato	02.11.2016
Notatnummer	KI-notat 28/2016
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Åvatnet og Åtverrelva i Gjengedalsvassdraget i Gloppen kommune.

Hyen Fisk AS søker om å få ta ut vatn frå Åvatnet og Åtverrelva i Gjengedalsvassdraget. Anlegget har vore i drift sidan 1986 utan at vassuttaket har vore konsesjonshandsama. Produksjonen skal aukast frå 0,8 til 1,5 millionar sjødyktig settefisk årleg. I tillegg har Hyen Fisk klekka opp til 2 millionar rogn, som er overført til Sande Settefisk as som plomesekkyngel (ufora yngel). Dette driftsopplegget kan i følge Hyen Fisk gjennomførast utan å auke uttaket av ferskvatn frå vasskjeldene. Erfaring tilseier at 15 m³/min er det maksimale som det teknisk er råd å ta ut frå Åvatnet på eksisterande leidningsnett. Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 15 m³/min (250 l/s) frå Åvatnet og 0,3 m³/min (5 l/s) frå Åtverrelva. Dei tekniske installasjonane er allereie etablerte, og vassuttaket ved anlegget vil etter utvidinga vere den same som ved dagens drift. Vassuttaka reduserer vassføringa på 1350 m elvestrekning i Åelva og 30 m i Åtverrelva. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er den einaste som gav uttale i høyringsrunda. Fylkesmannen meiner at det konsesjonssøkte vassuttaket til Hyen Fisk truleg har negative konsekvensar for bestandane av laks og sjøaure i Gjengedalsvassdraget, ved at redusert lågvassføring forsterkar ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen.

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Hyen Fisk AS sitt anlegg vil gi eit bidrag til produksjon av smolt og auke i verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 1987. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

Dei største konfliktane med tiltaket er knytt til biologisk mangfald, der omsynet til fisk er vektlagt spesielt sidan vassuttaket ligg på anadrom strekning i Åelva. Erfaringar med Hyen Fisk sitt vassuttak tilseier at vassuttaket ikkje har gitt større negative verknader for fisk og anna liv i elva. NVE vurderer at tiltaket er akseptabelt, og at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for biologisk mangfald.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Hyen Fisk AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Åvatnet og Åtverrelva. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	2
Høyring og distriktsbehandling.....	4
NVEs vurdering.....	7
NVEs konklusjon	11
Forholdet til anna lovverk	12
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	13

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Hyen Fisk AS, datert 13.08.2014:

«Søknad om konsesjon for uttak av vatn til settefiskanlegg, Hyen Fisk as.

Hyen Fisk as har sidan 1986 nytta vatn frå Åvatnet og Åtverrelva i 086.Z Gjengedalsvassdraget i Gloppen Kommune i Sogn og Fjordane fylke som vassforsyning til settefiskanlegget på Åreneset i Hyen.

For å få uttaket formelt i orden etter nogjeldande lovverk, søker vi med dette om følgjande løyve :

Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til :

Uttak av vatn på eksisterande rørsystem til Hyen Fisk as sitt settefiskanlegg. (Søknaden omfattar ikkje regulering av Åvatnet.)

Dette er eit tiltak som har vore i drift i 27 år, og som det ikkje er planlagt å gjere endringar på no. I denne perioden har det ikkje vore negative reaksjonar på dette uttaket.»

Hyen Fiska AS, settefiskanlegg på Åreneset, hovuddata

TILSIG		Åvatnet	
Nedbørfelt	km ²	162,24	8,86
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	409	29
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	79,9	103,4
Middelvassføring	m ³ /s	12,97	0,92
Alminneleg lågvassføring	l/s	1088	38
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	2984	225
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	826	33
SETTEFISKANLEGG			
Inntak	moh.	27	30
Avløp	moh.	0	0
Lengde på berørt elvestrekning	m	1350	30
Tilløpsrøyr, diameter	mm	450 + 315	450
Tilløpsrøyr, lengde	m	2000	100
Slukeevne, maks	l/s	250	
Uttak av vatn	l/s	160-250	5
Maksimalt tal smolt	mill.	1,5	

Om søkjar

Søkjar er Hyen Fisk AS, konsesjonsnummer SF/GP 005 og lokalitets-nr. 12219 Åreneset, adresse 6829 Hyen, Gloppen kommune. Under Hyen Fisk AS ligg dotterverksemda Sande Settefisk AS. All yngel som vert nytta i produksjonen på Sande Settefisk vert klekka i Hyen. Hyen Fisk AS eig også 50 % i matfiskanlegget Nordfjord Laks AS.

Skildring av området

Gjengedalsvassdraget har eit nedbørfelt på 171 km². Inntaket til Hyen Fisk ligg ved utløpet av Åvatnet som har eit nedbørfelt på 161 km². I nedre deler av vassdraget er det grendeviss spreidd busetnad, for det meste knytt til gardsdrift og jordbruksproduksjon på ca. 20 gardsbruk.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Hyen Fisk AS sitt settefiskanlegg vart etablert ved Åreneset i Hyen i 1986 og har vore i kontinuerleg drift sidan. Hovudvasskjelde er Åvatnet i Gjengedalsvassdraget. Supplerande vasskjelde er Åtverrelva, ei sideelv til Åelva nedstraums Åvatnet.

Vassuttaket i Åvatnet, inntak kote 27, består av to rørleidningar som er avslutta med grovsilar på ca. 5 m djup i vatnet. Rørleidningane er grave ned i elvekant, og påverkar ikkje naturleg terskel i utløp frå Åvatnet. Inntaket i Åtverrelva ligg på kote 30, og består av ein ca. 2 m høg betongdam med eit bakanforliggande vassvolum på 50- 60 m³. På eine sida av dammen er det bygt lukehus med to sjølvreinsande hjulfilter (duk 1600 og 600 my). I lukehuset vert det dosert inn vassforbetrande middel Krystazil 40 (natriumsilikat). Dei siste åra er Åtverrelva berre i liten grad nytta som vasskjelde. Berre ei lita vassmengd som trengst for å introdusere silikatet til driftsvatnet på ein sikker måte vert teke ut her.

Frå Åvatnet vert vatnet ført til settefiskanlegget via eit PEH-rør 315 mm og eit PEH-rør 450 mm. Lengde på begge er ca. 2000 m. Frå Åtverrelva vert vatnet ført via eit PEH-rør 450 mm. Lengde ca. 100 m. Dette røret er ført inn på 450 mm-røret frå Åvatnet ca. 300 m nedstraums Åvatnet. Alle rør er nedgravde i terrenget og under elvebotnen der dei kryssar elvar. Frå utløpet av Åelva og fram til settefiskanlegget er rørleidningane lagde i sjø og belasta med betonglodd.

Ferskvassforbruk totalt er maksimum 250 l/s (15 m³/min) frå Åvatnet og 5 l/s (0,3 m³/min) frå Åtverrelva. Erfaring viser at 250 l/s er det maksimale som det teknisk er råd å ta ut frå Åvatnet på eksisterande leidningsnett. Alt ferskvatn til anlegget vert UV-behandla, og i desse vasshandsamingslinjene er det også montert inn loggarar som målar vassmengda inn på anlegget.

I vassdraget er det bygd eit småkraftverk i Rongkleivelva, ei vestvend sideelv lenger opp i vassdraget. Det er også gjeve konsesjon til Åtverrelva Kraftverk ved Aa Energi AS. Sogn og Fjordane Energi AS har sendt inn søknad om utbygging av Gjengedal Kraftverk i hovudvassdraget og utbygging av eit kraftverk i Ommedalstverrelva.

Teknisk plan

Fysiske tiltak

Eksisterande inntak og vassleidningar skal nyttast slik som i dag. Det er ikkje planlagt nye vegar, massetak eller deponi i samband med tiltaket.

Arealbruk og eigedomsforhold

Det skal ikkje gjerast endringar på eksisterande infrastruktur. Då anlegg og vassinntak vart etablert, var alle berørte grunneigarar aksjonærar i settefiskanlegget, og gav løyve til vassuttak og naudsynt gravearbeid i samband med røyrtrase for vassinntak til anlegget.

Tomta der settefiskanlegget vart bygd låg på felles utmark mellom dei seks hovudbruka på Aa, g.nr. 17, br.nr. 1-6. (Seinare har ein av grunneigarane selt aksjane sine i HF til ein annan av grunneigarane på Aa).

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Området der settefiskanlegget ligg er regulert til industri, og vassvegen ligg i LNF område. Arealbruken er såleis i samsvar med kommuneplanen sin arealplandel.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget har ikkje status som nasjonalt laksevassdrag.

Andre verneområde

Øvre delar av vassdraget ligg innanfor Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE har berre motteke høyringsuttale frå Fylkesmannen. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalen. NVE var på synfaring i området den 11.06.2015 saman med representantar for tiltakshavar og Fylkesmannen.

Fylkesmannen har gitt utale i saka datert 23.10.2014. Fylkesmannen skriv følgjande:

«Vurdering

Det er ikkje planlagt nye inngrep knytt til dei to inntaka eller røyrtraseane, og vår vurdering vert avgrensa til å gjelde uttaka av vatn. Vurdert opp mot middelvassføringa, er vassuttaket lite, og vi ventar ikkje effektar på allmenne interesser ved middels og høge vassføringar. Ved låge vassføringar vil anlegget ta ein større del av vatnet i elva, og vil dermed kunne påverke vassfaunaen, og då spesielt fisk.

Eit vassuttak på 0,25 m³/s frå Ávatnet vil redusere vassføringa i Áelva med 30 % når elva er på 5-persentilnivå (0,83 m³/s) i vinterperioden, og den prosentvise reduksjonen vert større når vassføringa er enda lågare. Lågaste registrerte månadsmiddel ved utlaupet av vatnet i måleperioden, altså restvassføring etter at anlegget har dekt behovet, er 0,41 m³/s. Vassuttaket påverkar 1,35 km av om lag 10 km lakse- og sjøaureførande strekning (kjelde: Lakseregisteret).

Det er ikkje undersøkt i kva grad den reduserte vassføringa påverkar fiskeproduksjonen, men det er vel kjent at lågvassperiodar kan vere kritiske flaskehalsar i lakse- og sjøaurevassdrag. Redusert vassdekt areal og redusert vassvolum kan føre til at fisk strandar, eller vert lettare fanga av fiskeetatar. Talmateriale i søknaden viser at det konsesjonssøkte vassuttaket i lågvassperiodar forsterkar ein naturleg flaskehals, og dermed truleg har negativ effekt på fiskeproduksjonen.

Den negative effekten på fiskeproduksjonen vil verte mindre om vassuttaket vert redusert i lågvassperiodar, og om det vert sett krav om minstevassføring i ein konsesjon. I mangel av meir spesifikk kunnskap om vassdekt areal og vassvolum ved ulike vassføringar, vil vi tilrå at kravet vert minst på nivå med alminneleg lågvassføring. Vi vil nemne at det for nye konsesjonar til vasskraft vil vere heilt uaktuelt å sette vilkår om lågare minstevassføring enn alminneleg lågvassføring, og at det er vanleg med krav om 5-persentilnivå differensiert for sommar og vinter.

Det er skissert nokre vassparande tiltak i søknaden, mellom anna resirkulering av vatn, senking av vassstemperatur, tilførsel av oksygen, og bruk av UV-handsama sjøvatt. Det konsesjonssøkte vassuttaket er likevel høgt samanlikna med anlegg med fullverdig moderne resirkuleringsteknologi, og det går ikkje fram av søknaden kor mykje dei vassparande tiltaka kan redusere vassuttaket i kritiske periodar for fisken i elva. NVE bør vurdere om søknaden er i samsvar med krav til best tilgjengeleg teknologi, og om det er mogleg å redusere vassbehovet ytterlegare. I ei anna konsesjonssak i eit viktig lakse- og sjøaureførande vassdrag, skriv NVE: «Erfaringsmessig vert det søkt om ein smoltproduksjon på 4 mill. stk. per 1 m³/min ved fullverdig moderne resirkuleringsteknologi» (NVE KI-notat nr. 11/2013). For Hyen Fisk er det søkt om å produsere 0,1 mill. stk. per 1 m³ vatn/min.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk tilstand, og tilstandsklassifiseringa skal gjerast på grunnlag av biologien i vassførekomsten. Åvatnet er sett i god økologisk tilstand, med ingen risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2016, medan Åelva er sett i dårleg tilstand, og med risiko for ikkje å nå miljømåla i 2016. Årsaka til dårleg tilstand i Åelva er at laksebestanden i elva har vore langvarig påverka av rømd oppdrettslaks. Vassforskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Når det gjeld Tverrelva, reknar vi med at denne sideelva kan ha eit visst potensial for sjøaure. Inntaksdammen ser ut til å vere eit endeleg vandringshinder, men vi kjenner ikkje til kor det naturlege vandringshinderet ligg. Dersom sjøauren tidlegare kunne vandre til eventuelle gyte- og oppvekstområde lenger oppe, kan dammen ha negativ innverknad på sjøaureproduksjonen. I så fall er det viktig at konsekvensane av dammen også vert vurdert i konsesjonsbehandlinga.

Konklusjon

Fylkesmannen har vurdert at det konsesjonssøkte vassuttaket til Hyen Fisk truleg har negative konsekvensar for bestandane av laks og sjøaure i Gjengedalsvassdraget, ved at redusert lågvassføring forsterkar ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen. Det er ikkje undersøkt kor stor effekt vassuttaket har på fiskeproduksjonen. NVE bør vurdere i kva grad dei skisserte vassparande tiltaka i søknaden kan redusere vassuttaket i lågvassperiodar, og om søknaden er i samsvar med kravet til best tilgjengeleg teknologi. I ein konsesjon bør det stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring, og takast inn standard naturforvaltningsvilkår.»

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 15.12.2014 kommentert høyringsuttalen frå Fylkesmannen (FM). Søkjar skriv følgjande:

«Det er nokre punkt i fråsegna frå FM som vi vil kommentere.

- 1. Best mogleg teknologi. Settefiskanlegget vart bygt for 28 år sidan. Det vart då bygt som eit gjennomstrøymingsanlegg, som var den teknologien som fanst på det tidspunktet. Heile tomtearealet i Åreneset er utnytta, og både teknisk og arealmessig er det uråd å bygge anlegget om til eit resirkuleringsanlegg i nærleiken av den resirkuleringsgrad som vert skissert i fråsegna frå FM. Dessutan er det eit ope spørsmål om dette er nokon betre teknologi med omsyn til smittefare, fiskevelferd og/eller produksjonsegenskapane til fisken vidare i produksjonskjeden.*
- 2. Minstevassøringskrav. FM meiner at det bør setjast krav om minstevassføring som minst tilsvavar alminneleg lågvassføring. Dette vert definert som vassføringa den 350 - ande tørraste dagen i det 7-ande tørraste året av 10. Dette inneber at det i løpet av 10 år vil vere 7 år der det er minst 15 dagar årleg då ein ikkje får ta ut vatn i det heile. Det seier seg sjølv at dette ikkje er til å leve med for HF. (Heller ikkje eit resirkuleringsanlegg, uansett teknologi, kan greie seg utan nytt vatn).*
- 3. Samanlikning av kraftverk og settefiskanlegg: Settefiskanlegg stiller heilt andre krav til kontinuitet i vassforsyninga enn eit kraftverk. Ein time utan vassforsyning kan bety katastrofe i eit gjennomstrøymingsanlegg, medan det for eit kraftverk vanlegvis vil vere kurant å stogge produksjonen for å imøtekomme t.d. eit minstevassføringskrav. Det bør derfor ikkje vere relevant å bruke same mal for minstevassføring på dei to typene anlegg. Ein annan skilnad er at anlegga er ulike når det gjeld vassføringsendringar i vasskjelda. Eit settefiskanlegg har eit relativt konstant forbruk av vatn, og endringane vil strekke seg ut i tid over dagar og veker og vil vere tilnærma normale, i motsetning til kraftverk der t.d. døgnregulering kan gje brå endringar over minutt og timar, som er mykje meir utsette for at fisk strandar og dør.*
- 4. Kva konsekvensar kan uttaket av vatn frå Åvatnet i samsvar med søknaden frå HF ha for rekrutteringa av fisk? Det einaste talet eg har sett når det gjeld å talfeste produksjonen av utvandrande smolt i Gjengedalsvassdraget er frå ein rapport laga av Fiskerikonsulent for Vest-Norge, Øyvind Vasshaug frå mar s 1980, der han talfestar dette til 11.500 stk årleg. Som påpeika i søknaden frå HF er Åelva det elveavsnittet i Gjengedalsvassdraget som betyr minst for rekrutteringa av anadrom fisk i vassdraget. I høve til øvre elv ovanfor Ommedalsvatnet vil vi anslå tettleiken av gytefisk til 10-20%. Elektrofiske i vassdraget frå midten av 70-talet og fram til ca. 2000 syner tettleikar av ungfisk i øvre elv som er 2-4 gonger så høge som i Åelva. Ut frå dette vil vi anslå at produksjonen av utvandrande smolt i Åelva er i storleiksorden 1000 stk. årleg. Dersom det omsøkte vassuttaket til HF reduserer dette talet med 10 – 100 fisk avhengig av vått eller tørt år, trur vi at ein ikkje er så langt unna røyndomen.*
- 5. Åtverrelva har aldri hatt noko nemnande gyting av an adrom fisk, og bør ikkje tillegast serleg vekt. Elles er det gjeve konsesjon til eit småkraftverk for utnytting av fallet i elva frå Ådalen og ned til fylkesvegen.*

6. *Dårleg økologisk tilstand i Åelva? Grunnen til dette skal i følge fråsegna til FM vere langvarig negativ påverknad av oppdrettslaks. I telefonsamtale med Eivind Søsnes hjå FM 12.12.14 opplyser han at bakgrunnen for denne konklusjonen er skjelpøver innsendt frå fisk i vassdraget. Frå hausten 1998 har det ikkje vore mogleg å få stamfiskløyve til kultivering av vassdraget. I perioden etterpå har ein del laks fanga i ordinær fiskesesong vorte teken vare på levande og brukt til stamfisk. Dei fleste år har det vore utsett ein del 1-årig smolt frå villfisk av elvestammen i vassdraget. Villfisk frå naturleg gyting vil ha ein smoltalder på 2-4 år før han vandrar ut frå elva. Den utsette smolten har truleg vorte feilaktig klassifisert som oppdrettsfisk ut frå smoltalder avlese på skjelpøvene, og er årsak til konklusjonen om oppdrettsfisk i Åelva. Etter å ha konferert med rettighetshavarar og fiskarar i Åelva, er deira meining at innslaget av oppdrettsfisk i elva er svært lågt – i storleiksorden 0-2 mistenkte oppdrettsfisk i året. Det verkar elles noko rart at Åvatnet som har same fiskepopulasjon som Åelva er klassifisert til å ha god økologisk tilstand, utan nokon risikofaktorar.*
7. *Dei fleste ser verdien av at det bur folk ute i distrikta, men skal ein klare å oppretthalde livskraftige bygdesamfunn, må folk og så ha noko å leve av. HF har 15 personar, alle med lokal tilknytning, på eigarsida, og sysselset for tida 6 tilsette i 100 % stilling. Driftsresultatet har lege på ca. 4 millionar kroner årleg. I tillegg er HF viktig for dotterverksemda Sande Settefisk as, då all yngel som vert nytta i produksjonen på Sande vert klekka i Hyen. HF eig også 50 % i matfiskanlegget Nordfjord Laks as, som i 2013 hadde ei omsetning på 80 mill. kr. Då våre settefiskanlegg leverer all smolt og settefisk matfiskanlegget treng, er alle verksemdene avhengig av kvarandre.*

Konklusjon : *Med dei vilkåra knytt til vassforsyninga som FM går inn for, vil det ikkje vere grunnlag for vidare drift ved HF, då dette dei fleste år vil innebere lengre periodar heilt utan vatn til fisken. Dette synest vi vil vere drastisk, då Åelva i ein 27-årsperiode har levt godt med uttaket av vatn til HF. Ikkje ein einaste gong i denne perioden har vi motteke reaksjonar på at vassføringa i Åelva har vore for lågt. Vi går ut frå at NVE også i dette høvet skal vurdere nytteverdi opp mot ulemper. Det kan ikkje ver e tvil om kva side som må vege tyngst. Dessutan står det eit nytt og godt kultiveringsanlegg for vassdraget som for tida er ubrukt, og det vil vere kurant å kompensere for den vesle svikten i reproduksjonen i Åelva med å ta dette i bruk igjen. Sjøaurebestanden i vassdraget har ikkje vore dreve kultivering på dei siste 15 åra, og er ein skugge av det han var på 80- og 90-talet. Uavhengig av vasspørsmålet til HF burde FM lette på restriksjonane på dette, og arbeidet takast opp att.»*

NVEs vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Inntaket i Åvatnet har eit nedbørfelt på 162 km² og middelvassføring er berekna til 13 m³/s. Effektiv innsjøprosent er på 19,5 % og delen bre i nedbørfeltet er på 1,1 %. Avrenninga er stabil frå år til år med dominerande vår- eller haustflaumar. Lågaste vassføring opptre normalt om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 2980 og 825 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 1090 l/s. Maksimalt vassuttak er planlagt til 250 l/s. Det er ikkje foreslått slepp av minstevassføring.

NVE har målestasjon 86.10.0 Åvatn ved utløp av Åvatnet. Stasjonen måler vassføringa mot profilet i utløpsosen frå Åvatnet. Hyen Fisk etablerte inntaket i Åvatnet i 1986 og tok dette i bruk i 1987. Vassuttaket til Hyen Fisk har sidan 1987 blitt ført i rør forbi utløpsprofilet frå Åvatn, og kjem i tillegg til den vassmengda som blir registrert ved stasjonen. Lågaste registrerte månadsmiddel ved utlaupet av Åvatnet i måleperioden, altså restvassføring etter at anlegget har dekt behovet, er 410 l/s.

Inntaket i Åtverrelva har eit nedbørfelt på 8,9 km² og middelvassføringa er berekna til 916 l/s. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 225 og 33 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 38 l/s. I Åtverrelva er det planlagt å ta ut 5 l/s. Det er ikkje foreslått slepp av minstevassføring.

Hyen Fisk viser til at krav til minstevassføring vert ivareteken med den restvassføring som er i Åelva og Åtverrelva etter at Hyen Fisk har teke ut den vassmengda som er naudsynt til deira produksjon. Restvassføringa i Åelva er registrert ved NVE sin målestasjon Åvatn sidan 1987.

Eit vassuttak på 250 l/s frå Åvatnet vil redusere vassføringa i Åelva med 30 % når elva er på 5-persentilnivå (825 l/s) i vinterperioden. Ved lågvassføring i vassdraget har Hyen Fisk moglegheit for å sette i verk vassparande tiltak slik at vassuttaket vert mindre enn 250 l/s, som er maksimalt vassuttak. Hyen Fisk viser til at om naudsynt kan vassuttaket reduserast ved å tilføre oksygen (via råvatn og direkte i kara), seinke vasstemperaturen, og nytte CO²-luftarar. Hyen Fisk har også tilgang på opptil 215 l/s med UV-behandla sjøvatn som til ei viss grad kan erstatte ferskvatnet, eller kan brukast til sjøvasstilvenning av fisken i den siste perioden før utsett i sjø. Kor mykje Hyen Fisk klarar å redusere vassforbruket ved bruk av vassparande tiltak er ikkje talfesta.

NVE vurderer at vassuttaket frå Åvatnet og Åtverrelva er lågt med tanke på tilgjengeleg vassmengd store delar av året. Ved lågvassføringar utgjer vassuttaket noko meir, spesielt for Åvatnet. Sjølv om vassuttaket utgjer ein større del ved lågvassføringar er det tilstrekkeleg vatn i Åvatnet og Åtverrelva til å kunne sikre nok vatn til settefiskanlegget gjennom heile året.

Naturmangfald

Det er ikkje planlagt nye inngrep i terrenget. Vår vurdering er difor avgrensa til å gjelde uttaka av vatn og verknader av dette. Forutan laks, sjøaure og ål er det ikkje registrert viktige naturtypar eller sjeldsynte artar knytt til influensområdet. Det vandrar opp ål i vassdraget, men det er etter det NVE kjenner til ikkje registrert ål ovanfor Gjengedalsfossen. Ål er raudlista som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015. NVE vurderer at ål ikkje vert påverka av tiltaket.

Laks og sjøaure kan vandre om lag 10 kilometer opp i vassdraget til foten av Gjengedalsfossen. Vassuttaket påverkar 1,35 km av laks- og sjøaureførande strekning før utløp til sjø. Bestandstilstanden av laks og sjøaure, er i Lakseregisteret registrert som «dårlig» for laks og «hensynskrevende» (god) for sjøaure. Viktigaste registrerte påverknadsfaktorar er fysiske inngrep, lakselus og rømt oppdrettslaks.

Hyen Fisk skriv at den påverka strekninga er den delen av vassdraget som har minst naturleg gyting, og som er det elveavsnittet som betyr minst for produksjonen av ungfisk i vassdraget. I høve til øvre elv ovanfor Ommedalsvatnet anslår Hyen Fisk tettleiken av gytefisk til 10-20 %. Hyen Fisk viser til at elektrofiske frå midten av 1970-talet og fram til ca. 2000 syner tettleikar av ungfisk i øvre elv som er 2-4 gonger så høge som i Åelva.

Fylkesmannen skriv i sin uttale at det konsesjonssøkte vassuttaket til Hyen Fisk truleg har negative konsekvensar for bestandane av laks og sjøaure i Gjengedalsvassdraget, ved at redusert lågvassføring forsterkar ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen. Fylkesmannen meiner NVE bør vurdere i kva

grad dei skisserte vassparande tiltaka i søknaden kan redusere vassuttaket i lågvassperiodar, og om søknaden er i samsvar med kravet til best tilgjengeleg teknologi. Fylkesmannen meiner også at det i ein konsesjon bør stillast krav til minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring.

Eit settefiskanlegg har kontinuerleg uttak av vatn og kan ikkje stanse uttaket så lenge det er produksjon/fisk i anlegget. Ved uttak av vatn direkte frå ei elv som i dette tilfellet, utan moglegheit for å halde tilbake vatn, er det såleis ikkje til å unngå at uttak av vatn kjem i konflikt med lågvassføringar. NVE vurderer difor at det er uråd å setje krav til slepp av minstevassføring, som ligg over naturlege lågvassføringar, slik Fylkesmannen foreslår. Ved eit kontinuerleg vassuttak til settefiskanlegg der det ikkje er moglegheit for å magasinere vatn, vil det vere avgjerande kor stort vassuttaket vert i høve til lågvassføringar som vil inntreffe, og om vassmengda som er tilbake er tilstrekkeleg til å ivareta dei verdiane som er knytt til aktuell elvestrekning.

Dei lågaste vassføringane i Gjengedalsvassdraget opptre vinterstid, medan sommarvassføringa normalt er høg. Middelvassføringa i eit normalår ligg kring 13 m³/s. Lågvassføringar med 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 2980 og 825 l/s. NVE vurderer at vassuttaket i liten grad påverkar sommarvassføringar. I lågvassperiodar vinterstid kan vassuttaket gjere seg gjeldande. Måling av vassføring ut av Åvatnet, etter uttak av vatn til settefiskanlegget, viser at middel for minste årlege vassføring i 27 årsperioden sidan oppstart ved Hyen Fisk, ligg kring 1,0 m³/s med lågaste registrerte måling på 437 l/s.

Hyen Fisk viser til at dei har tatt ut vatn frå Åelva i 27 år, og at dei ikkje ein einaste gong i denne perioden har motteke reaksjonar på at vassføringa i Åelva har vore for lita. Utanom uttalen frå Fylkesmannen har NVE i høyringa av konsesjonssøknaden heller ikkje mottatt merknader til Hyen Fisk sitt vassuttak.

Uttak av vatn til settefiskanlegget er relativt konstant utan brå vasstandsendingar. Dette gjer til at faren for at fisk strandar og døyr er låg, då vasstanden følgjer naturlege variasjonar i vassdraget. Hyen Fisk sitt maksimale uttak er 250 l/s som utgjer 30 % av 5-persentil vintervassføring. Ved å setje i verk vassparande tiltak, slik Hyen fisk viser til, bør maksimalt uttak i desse periodane ligge monaleg lågare enn 250 l/s.

Fylkesmannen meiner at vassuttaket kan forsterke ein naturleg flaskehals i ungfiskproduksjonen vinterstid. NVE vurderer at verknadane av vassuttaket er avgrensa. Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 1987. Erfaringar med Hyen Fisk sitt vassuttak tilseier at vassuttaket ikkje har gitt større negative verknader for fisk og anna liv i elva. NVE vurderer at tiltaket er akseptabelt og at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for biologisk mangfald.

NVE har motteke søknad frå SFE Produksjon AS om løyve til å byggje Gjengedal kraftverk. Søknaden ligg til behandling i NVE som skal utarbeide ei tilråding i saka. Tilrådinga blir sendt til Olje og energidepartementet (OED) for slutthandsaming. Endeleg avgjerd blir tatt av Kongen i statsråd.

Utløpet frå kraftstasjonen vil gå ut i hovudelva eit kort stykkje nedstraums Gjengedalsfossen. Ved ei eventuell utbygging med regulering av Storevatnet (alternativ 1) blir det noko demping av flaumar, og det tek lengre tid før vassføringa blir låg etter flaum. Dersom det vert gitt konsesjon til ei kraftutbygging med reguleringsmagasin vil dette kunne gi større vassføring i lågvassperiodar om vinteren. Kraftverket vil normalt tappe magasinet under lågvassperiodane om vinteren for å utnytte gode straumprisar. Hyen Fisk har også moglegheit til å inngå avtale med SFE om å sleppe meir vatn i ekstreme turrperiodar.

Frå Åtverrelva er det planar om å ta ut 5 l/s for å distribuere silikat til driftsvatnet på ein sikker og jamn måte. Uttaket påverkar ei elvestrekning på om lag 30 m. Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller sjeldsynte artar knytt til Åtverrelva. NVE gav den 02.05.2013 konsesjon til utbygging av Åtverrelva med inntak på kote 665 og kraftstasjonsplassering på kote 25. Det vart vurdert at Åtverrelva var for bratt til å ha særskilt verdi for fisk, også på strekninga nedstraums kraftverket, ned til Åelva. Det vart ikkje sett krav om forbisleppingsventil i kraftverket.

Hyen Fisk sitt vassuttak frå Åtverrelva er lågt med tanke på tilgjengeleg vassmengd. NVE vurderer at uttaket i liten grad vil påverke biologisk mangfald knytt til Åtverrelva.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om uttak av vatn til Hyen Fisk sitt settefiskanlegg legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 17.08.2016. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Hyen Fisk sitt vassuttak i Åvatnet og Åtverrelva er det ikkje registrert viktige områder for biologisk mangfald. Eit uttak av vatn frå Åvatnet og Åtverrelva vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggst særleg vekt.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

Dam med lukehus i Åtverrelva ligg ca. 20 m frå fylkesveg 671 og er synleg frå vegen. Elles er alle rørleidningar nedgravne og ikkje synlege. Det er ikkje planlagd nye inngrep.

I perioden på 27 år som Hyen Fisk sitt anlegg har vore i drift, har Hyen Fisk ikkje fått nokon negative reaksjonar på uttaket av vatn til anlegget. Dei skriv at dette delvis kan dette forklarast med at grunneigarane til berørt elvestrekning i Åelva er medeigarar i anlegget, og hadde gjeve sitt samtykke til tiltaket då det vart etablert.

Moglegheiter for utøving av jakt, fiske og friluftsliv vert ikkje påverka.

Røyrtraseen og vassinntak med inntakshus er installasjonar som allereie er bygd ut. Omgjevnadane vil difor ikkje bli ytterlegare påverka av eit permanent vassuttak frå Åelva og Åtverrelva. NVE vurderer at landskap-, friluftsliv- og brukarinteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av tiltaket.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar.

Samfunnsmessige fordelar

Ein konsesjon til vassuttaket slik det vert søkt om vil gi grunnlag til å utvide smoltproduksjonen ved anlegget. Ei utviding vil styrke det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å sikre arbeidsplassar i distriktet. Hyen Fisk har i dag 15 personar, alle med lokal tilknytning, på eigarsida, og sysselset seks tilsette i 100 % stilling. I tillegg er Hyen Fisk viktig for dotterverksemda Sande Settefisk AS, då all yngel som vert nytta i produksjonen på Sande vert klekka i Hyen. Hyen Fisk eig også 50 % i matfiskanlegget Nordfjord Laks AS, som i 2013 hadde ei omsetning på 80 mill. kr. Hyen Fisk er ei verksemd som har levert jamt gode resultat i ein 25-års periode. Verksemd og tilsette bidreg med millionbeløp årleg i skatt til samfunnet.

Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Hyen Fisk AS sitt anlegg vil gi eit bidrag til produksjon av smolt og auke i verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 1987. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

Dei største konfliktane med tiltaket er knytt til biologisk mangfald, der omsynet til fisk er vektlagt spesielt, sidan hovuduttaket ligg på anadrom strekning i Åelva. Erfaringar med Hyen Fisk sitt vassuttak tilseier at vassuttaket ikkje har gitt større negative verknader for fisk og anna liv i elva. NVE vurderer at tiltaket er akseptabelt, og at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for biologisk mangfald.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Hyen Fisk AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Åvatnet og Åtverrelva. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Vassuttak og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og uttak av vatn er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

		Åvatn	Åtverrelva
Middelvassføring	l/s	12966	916
Alminneleg lågvassføring	l/s	1088	38
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	2984	225
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	826	33
Gjennomsnittleg vassuttak heile året	l/s	250	5
Maks vassuttak	l/s	250	5
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	1,9	0,5
Slepp av minstevassføring	l/s	ingen	ingen

Vassuttak

Hyen Fisk søkjer om å ta ut inntil 250 l/s (15 m³/min) frå Åvatnet heile året. Dette svarar til vassleidningen sin kapasitet. Frå Åtverrelva vert det søkt om eit kontinuerleg uttak på 5 l/s.

Vassuttaket frå Åvatnet skal avgrensast til maksimalt 250 l/s, noko som svarar til dagens røyrcapasitet (dvs. slukeevne). NVE gjer merksam på at tilsiget til Åvatnet i turrperiodar er avgrensa til under 800 l/s og at det er viktig at selskapet har fokus på vassparande tiltak.

Tiltakshavar har ansvar for å tilpasse vassuttak og produksjon slik at vassressursen vert forvalta på ein berekraftig måte.

Det skal monterast vassmålar i settefiskanlegget og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg. Data må kunne leggjast fram for NVE på førespurnad.

Slepp av vatn

Hyen Fisk AS har foreslått at det ikkje skal sleppast minstevassføring verken frå Åvatnet eller Åtverrelva. Dei viser til at vassuttaket er lågt med tanke på tilgjengeleg vassmengd, og at det er tilstrekkeleg vassføring tilbake i elva etter at Hyen Fisk har tatt ut vatn. Hyen Fisk viser også til at drift ved anlegget sidan 1987 viser at vassuttaket ikkje har ført til negative verknader for vassdraget.

Fylkesmannen meiner at det bør setjast krav til slepp av minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring.

Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 1987. Erfaringar med Hyen Fisk sitt vassuttak tilseier at vassuttaket ikkje har gitt større negative verknader for fisk og anna liv i elva. NVE vurderer at tiltaket er akseptabelt og at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for biologisk mangfald. NVE set difor ikkje krav til slepp av minstevassføring ut frå Åvatnet, eller i Åtverrelva.

Tiltakshavar har ansvar for til ei kvar tid å sikre tilstrekkeleg vassføring for å oppretthalde viktige naturverdiar i vassdraget. I turrperiodar skal Hyen Fisk sette i verk vassparande tiltak for å sikre fisk og vassstilknytte artar i Åelva.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnadar:

Inntak	Eksisterande inntak i Åvatnet og Åtverrelva skal nyttast.
Vassveg	Eksisterande røyr skal nyttast.
Største slukeevne	Søknaden oppgir 250 l/s frå Åvatnet, lik vassleidningen sin kapasitet. Frå Åtverrelva vert det søkt om eit kontinuerleg uttak på 5 l/s.
Avbøtande tiltak	Hyen Fisk viser til at om naudsynt kan vassuttaket reduserast ved å tilføre oksygen (via råvatn og direkte i kara), seinke vasstemperaturen, og nytte CO ² -luftarar. Hyen Fiska har også tilgang på opptil 215 l/s med UV-behandla sjøvatn som til ei viss grad kan erstatte ferskvatnet eller kan brukast til sjøvasstilvenning av fisken i den siste perioden før utset i sjø.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.